



Vaksdal Frivilligsentral  
Konsul Jebsensgate 16

5722 Dalekvam

Vaksdal formannskap  
Konsul Jebsensgate 16

5722 Dalekvam

Vaksdal 1. november 2015

### **Vaksdal Frivilligsentral – budsjett for 2016**

Styret vil gjera merksam på at den økonomiske utviklinga for sentralen er utfordrande. Det statlege og kommunale tilskotet har stått uendra sidan sentralen vart starta opp. Andre naudsynte utgifter har auka. I 2015 har økonomien vore god grunn ekstraordinære midlar i form av overført overskot frå 2014. Vi syner til brev av 11. mai kor det er gjort greie for dette.

Styret forventar at det statlege tilskotet vil vera på kr. 310.000,- også i 2016. Det vil då vera naudsynt å auka det kommunale tilskotet noko.

Styret har drøfta dei økonomiske utfordringane i styremøte. I 2015 går 89 % av sentralens midlar med til å dekke løn og sosiale utgifter. Ca 6,5 % av midlane vert brukt til leige av tenlege lokaler. Når naudsynte utgifter til telefon, internett og kontormateriell er betalt er det svært lite igjen til aktivitetar.

Dersom Vaksdal kommune ynskjer ein aktiv frivilligsentral ber styret om at tilskotet til Vaksdal Frivilligsentral for 2016 vert auka.

Med helsing

Styret i Vaksdal Frivilligsentral  
Evelyn Boge, styreleiar